

EU sin integrerte maritime politikk - oppfølging om kartlegging

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet sluttar seg til framlegget om å få utarbeidd ei kort oversikt over det marine og maritime miljøet på Vestlandet.
2. Vestlandsrådet løyver inntil kr 200.000 for å kunne realisere ei kartlegging i tråd med saksframlegget

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Saksframstilling

Som del av oppfølginga av EU sin integrerte maritime politikk, ønskjer den politiske oppnemnde ad-hocgruppa i Vestlandsrådet å utarbeide ein meir samla oversikt over dei marine og maritime næringane på Vestlandet, inkludert kompetanse-, forskings- og utgreiingsaktiviteten her. Skal ein gjere dette i tråd med EU sin integrerte tilnærming til maritim politikk, vil dette vere omfattande. Det er derfor trong for å engasjere nokon eksternt til å gjere eit slikt arbeid i form av eit kortare prosjekt. Finansieringa av eit slikt prosjekt bør gjerast innanfor eit partnerskap der næringa òg deltek.

Kort om bakgrunn

I møte i Vestlandsrådet 12 og 13 desember 2008 vart det vedteke å etablere ei politisk ad-hocgruppe for å vurdere nærare EU sin maritime politikk og konsekvensar for Vestlandet. Denne gruppa la fram eit rapport der ein identifiserte relevante handlingspunkt med utgangspunkt i den såkalla "blåboka" til EU (handlingsplan) og som gruppa meinte var særleg relevant for Vestlandet. I sak 11/09 i Vestlandsrådet vart det vedteke å følgje opp arbeidet m.a. ved å etablere eit maritim nettverk på Vestlandet, arbeide for at Vestlandet i langt større grad vil kunne marknadsføre seg som ein maritim region i ein internasjonal samanheng, opptre meir aktivt og samla innanfor Europeiske viktige nettvekt (NSC og CPMR, arrangere ein konferanse og delta i relevante EU prosjekt.

Kva meiner vi med EU sin integrerte maritime strategi?

Dei overordna målsettingane for EU sin integrerte maritime politikk er

å fremje berekraftig bruk av havområda, oppbygging av solid kunnskaps- og utviklingsgrunnlag, skape den høgaste livskvalitet i kystregionane og fremje Europas leiarskap i internasjonale maritime spørsmål.

Det vert lagt vekt på at alle sider ved EU sin politikk har ein maritim dimensjon: Vekst- og sysselsettingsstrategien (Lisboa-strategien), klima og energi, EUs politikk i Arktis, EU sin naboskapspolitikk og den felles utanriks- og tryggleikspolitikken. For EU har det vore behov for å utvikle ei integrert politikk for havområda. Verds hava er sentrale i høve til utfordringane innan klimaendringane. Det er også aukande konkurranse om dei marine ressursane og stadig større press på økosystema i havet.

Målet med ei kartlegging

Det er fleire grunnar til at den politiske ad-hocgruppa ønskjer ei kartlegging.

I rapporten gruppa la fram for rådet i september 2009, peikte ein m.a. på behovet for å etablere ei distinkt politisk og næringsmessig "stemme" gjennom ein meir samla maritim region på Vestlandet, i tråd med subsidiaritetsprinsippet. Her la ein vekt på at den næringsmessige dimensjonen handlar om å ta tak i det som Vestlandet er særleg gode både på – nasjonalt og internasjonalt – nemleg kunnskapsbasert næring og forskning innan marin og maritime næringar. Når det gjeld den totale marine- og maritime forskingsmiljøet på Vestlandet, er vi nemleg truleg eit av dei store kraftsentra innan marin og maritim forskning og næringslivklynger i Europa. Det er dette som er Vestlandet sin kapital med omsyn til å etablere ein vekstkraftig maritime region på Vestlandet.

Skal ein kunne etablere ei politisk plattform som grunnlag for ei slik satsing, er det naudsynt å skaffe seg god oversikt som mogeleg over den maritime næringa. Ein slik oversikt har vi ikkje i dag. På den andre sida veit vi at det er gjort mykje ulike former for forskings- og utgreiing på

dette området. Men det er ikkje gjort noko samla. Litt av utfordringa vert derfor å samle dette slik at vi får eit heilskapleg bilete.

Det synest å vere ei problemstilling i seg sjølv at næringslivet ser det som krevjande å utvikle ”forsknings- og utgreiingsrelasjonar” for å styrke eigen konkurransekraft (undersøking gjort av Norges Handelshøgskole i regi av MareLife Bergen). Dette er uheldig fordi det ligg eit stort næringslivspotensiale i marin og maritim sektor. T.d. utgjør marin sektor berre 6% av samla forskning i Noreg i dag. Ei meir samla kartlegging vil også her betre kunne påvise det næringsmessige potensiale som faktisk ligg her.

Ei slik kartlegging vil også vere nyttig for næringa og forskingsinstitusjonane og på det viset kunne vere med å marknadsføre Vestlandet som ein distinkt maritim region. Slik sett vil ei slik kartlegging fungere som eit verktøy.

Innhaldet i kartlegginga og organisering

Ad-hocgruppa ser føre seg ei oversiktleg og kort kartlegging. Den skal kunne gje oss ei meir samla – og integrerte – oversikt, i tråd med EU sin intensjon om ei integrert tilnærming, den skal vise kva for område vi er gode på, kva for sentrale aktørar som opptre her og relasjonane mellom desse aktørane, samt peike på særlege utfordringar t.d. innan kompetanse.

Gruppa ser vidare føre seg at ei slik kartlegging vil måtte gjerast ved å engasjere ekstern hjelp. Finansiering av eit slikt arbeid bør kunne gjerast i partnerskap med næringslivet, Innovasjon Noreg og Vestlandsrådet. Når det gjeld Vestlandsrådet, bør ein nytte ubrukte midlar til dette framfor å be fylkeskommunane om midlar. Det bør også vere relevant å trekke inn dei regionale forskingsfonda her.

Reint organisatorisk kan den politiske ad-hocgruppa vere styringsgruppe. Gruppa bør inkludere relevante deltakarar frå den regionale partnerskapen. Det er naturleg at kvar fylkeskommune med representantar frå dei respektive næringsavdelingane deltek meir aktivt i arbeidet t.d. i form av ei meir utvida styrings- eller referansegruppe.

Vurdering

Fylkesrådmannen vil slutte seg til framlegget frå den politiske ad-hocgruppa sitt framlegg om å få utarbeidd ei kort oversikt over det marine og maritime miljøet på Vestlandet. Dette vil vere nyttig både i ein næringsmessige så vel som i ein meir forsknings- og utgreiingsamanheng og samsvare med rolla fylkeskommunane og Vestlandsrådet skal spele i forhold til den regionale partnerskapen.

Fylkesrådmannen vil òg rå til at det vert sett av opp til kr 200.000 for å kunne realisere ei kartlegging i tråd med saksframlegget.